

Brua skal opp att i sommar

06.04.2009



Slik har bruha lege sidan flaumen i 2005. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Brua over Uskedalselva ved Dønhaughølen, som vart øydelagt av flaumen 14. September i 2005, skal gjenoppbyggjast denne sommeren.**

**Det opplyser grunneigar Magne Huglen, som strekar under at det er viktig å ha bruha klar til Festidalen ved månedsskiftet juli/august.**

**Prosjektet har trukke ut då det viste seg at handsaminga innan offentlege instansar tok mykje lenger tid enn Huglen rekna med.**

Det som skjedde under den store flaumen var erosjon ved venstre brukar (sett medstraums) slik at dette kollapsa og bruha vart liggjande skrått ned i elva. Slik har ho lege sidan, men til Festidalen i 2007 vart det ordna med ein provisorisk overgang.

Ei sak som det tok tid å avklara var om gjenoppbyggjinga trong konsesjon etter vassressurslova. For vel eitt år sidan kom NVE til at det ikkje var naudsynt. Tiltaket hadde ikke så store verknader for allmenne interesser at det burde stillast krav om slik konsesjonshandsaming. NVE vurderte ikkje oppattbyggjinga til å ha nemneverdige ueheldige konsekvensar for allmenne interesser. Men NVE uttala at prosjektet burde gå føre seg slik at det ikkje vart betongsøl i elva.

- Før prosjektet blir sett i verk må det vurderast av kommunen etter plan- og bygningslova og det skal også innhentast fråsegn frå fylkesmannen for å avklara kva omsyn som må takast til fisken i elva, skreiv NVE for eitt år sidan.

Om det siste har fiskeforvaltaren hjå Fylkesmannen uttala at arbeid som fører til vesentleg tilførsel av slam bør gå føre seg i størst mogeleg grad mellom juli og september. Det er ekstra viktig at ein unngår tilførsler av sement. Sjølv små mengder, som skylling av utstyr og liknande, kan ha ueheldig effekt på fisken.

No er prosjektet byggemeldt til kommunen og det er Byggekompaniet som skal gjennomføra det. Huglen hadde håpa at det kunne gjerast mest mogeleg i frostperioden i vinter, men slik vart det altså ikkje. No håpar han på låg vassføring slik at ein i fyrste omgang kan støypa fundamentet til brukaret.

Den gunstigste perioden for fisken er frå juli til september.

Av Ola Matti Mathisen